



Øygarden kommune

RAMMEAVTALE MED EN  
LEVERANDØR –  
TJENESTEKONTRAKT

[x. avtaleområde/fagområde]

Avtalenamn og saksnr:

Varighet:

**Avtalen er inngått mellom:**

---

(heretter kalla leverandøren)

**og**

---

**Øygarden kommune, org nr. 922 530 890**

(heretter kalla oppdragsgjevaren)

Stad og dato:

---

Oppdragsgjevaren sitt namn

Leverandøren sitt namn

---

Oppdragsgjevar si underskrift

---

Leverandøren si underskrift

Avtalen vert underteikna i to eksemplar, eitt til kvar part.

**Adresse til oppdragsgjevars lokale**

---

**Kontakt**

Alle førespurnader gjeldande denne avtalen skal rettast til:

Hos Oppdragsgjevaren:

Namn:

Stillings:

Telefon:

E-post:

Hos Leverandøren:

Namn:

Stillings:

Telefon:

E-post:

## **Innhold**

<b>1</b>	<b>Føremål og omfang .....</b>	<b>4</b>
1.1	Føremål .....	4
1.2	Omfang .....	4
1.3	Avtaledokumenter .....	4
1.4	Tolkning - rangordning.....	5
<b>2</b>	<b>Varighet .....</b>	<b>5</b>
<b>3</b>	<b>Pris og betaling.....</b>	<b>5</b>
3.1	Prisendring .....	6
3.2	Løns- og arbeidsvilkår .....	6
<b>4</b>	<b>Gjennomføring av tildeling av kontraktar innanfor rammeavtalen .....</b>	<b>6</b>
4.1	Myndighet.....	6
4.2	Type rammeavtale .....	6
4.3	Tildelingskriterier i minikonkuransen .....	7
4.4	Om avrop .....	7
4.5	Avrop som involverer fleire fag.....	8
4.6	Gjennomføring av avrop /tildeling av oppdrag og avtaler under rammeavtalen .....	8
4.7	Varslingstid.....	8
4.8	Disponering av personell .....	8
4.9	Kjøp av materiell .....	9
4.10	Bruk av lærlingar .....	9
4.11	Begrensning i antall ledd i leverandørkjeden .....	9
4.12	Bruk av tredjepart.....	10
4.13	Tids- og ressursrammer .....	10
4.14	Oppdragsgjevaren sitt ansvar .....	10
<b>5</b>	<b>Risiko og ansvar .....</b>	<b>12</b>
<b>6</b>	<b>Opphavs- og eigedomsrett .....</b>	<b>13</b>
<b>7</b>	<b>Teieplikt.....</b>	<b>13</b>
<b>8</b>	<b>Mislegthalde og sanksjonar i samband med tildelte kontraktar.....</b>	<b>13</b>
<b>9</b>	<b>Møte .....</b>	<b>13</b>
<b>10</b>	<b>Endringar og tillegg til rammeavtalen.....</b>	<b>14</b>
<b>11</b>	<b>Særlige vilkår ved kommunesamanslåing.....</b>	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<b>12</b>	<b>Tvistar .....</b>	<b>14</b>
12.1	Rettsval .....	14
12.2	Forhandlingar .....	14
12.3	Mekling .....	14
12.4	Domstols- eller valdgiftsbehandling .....	14

# **1 Føremål og omfang**

## **1.1 Føremål**

Denne avtalen er ein rammeavtale mellom oppdragsgjevaren og leverandøren om leveranse av tenester og varer som er skildra i bilag 1 og 2.

Oppdragsgjevar er ikkje forplikta til å kjøpe noko bestemt mengde tenester og varer i rammeavtaleperioden.

Oppdragsgjevar haldar seg att retten til å kunne utlysa større oppdrag i eigne offentlege utlysingar der oppdragsgjevar finn det føremålstenleg å konkurranseutsette oppdrag som separate konkurransar/eigne entreprisar. Med større oppdrag meinast her til dømes oppdrag over EØS terskelverdi eller oppdrag som omfattar mange delkontraktar.

## **1.2 Omfang**

Omfanget av rammeavtalen er skildra i bilag 1.

## **1.3 Avtaledokument**

**Oversikt over bilag for denne rammeavtalen:**

<b>Alle rubrikkar skal være krysset av (Ja eller Nei)</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>
Bilag 1: Oppdragsgjevar sine krav til leveransar	X	
Bilag 2: Leverandøren si skildring av leveransar	X	
Bilag 3: Tildelingsavtalar	X	
Bilag 4: Skjema for tildeling av kontrakt innanfor rammeavtalen (tildelingsskjema)	X	
Bilag 5: Administrative føresegner	X	
Bilag 6: Pris og prisføresegner	X	
Bilag 6a: Prisskjema	X	
Bilag 7: Endringar i den generelle rammeavtaleteksten	X	
Bilag 8: Endringar etter rammeavtaleinngåinga	X	
Bilag 9: Løns- og arbeidsvilkår	X	

Leveransar skal tildelast etter reglane i rammeavtalen kapittel 4.

Ein tildelt kontrakt innanfor rammeavtalen inneholder eit utfylt og underskrive tildelingsskjema (jf. bilag 4), med tilhøyrande tildelingsavtale (jf. bilag 3). Bilag 3 skal ha ei oversikt over kva standardavtalar eller avtalar som er aktuelle som tildelingsavtalar. Desse skal vera ferdigforhandla mellom leverandøren og oppdragsgjevaren.

#### **1.4 Tolkning - rangordning**

Dersom det oppstår motstrid mellom denne generelle rammeavtaleteksten og den enskilde tildelte kontrakten innanfor rammeavtalen, går utfylt og underskrive tildelingsskjema (bilag 4) framfor den enskilde tildelingsavtalen (standardkontrakt ihht bilag 3 tildelingsavtalar), som igjen går framfor den generelle rammeavtaleteksten med bilag (unntatt bilag 4, som er tildelingsskjemaet), med mindre noko anna er uttrykkeleg spesifisert i den enskilde tildelte kontrakten.

Ved motstrid mellom rammeavtaleteksten og bilagene til denne, skal følgjande tolkingsprinsipp leggjast til grunn:

1. Bilag 1 går framfor rammeavtalen med bilag
2. Bilag 6 går framfor rammeavtaleteksten.
3. I den utstrekning det framgår klart og utvetydig kva punkt (eitt eller fleire) som er endra, erstatta eller gjort tillegg til, skal følgjande motstridprinsipp gjelde:
  - a. Bilag 2 går framfor bilag 1 til 6
  - b. Bilag 7 går framfor den generelle avtaleteksten og bilag 1 til 6.
  - c. Bilag 8 går framfor den generelle avtaleteksten og bilag 1 til 7.
  - d. Bilag 9 går framfor den generelle avtaleteksten og bilag 1 til 8.

## **2 Varighet**

Rammeavtalen gjeld frå [dato] og i 1 år, med opsjon for oppdragsgjevar på forlenging på same vilkår i inntil ytterlegare tre år, til saman maksimalt 4 år. Oppdragsgjevar kan velje å innløyse opsjonen på 3 år i fleire omgang, f. eks. for 1 år av gangen.

Varsel om forlenging skal gjevast skriftleg via Mercell seinast 2 månader før utløpet av inneverande avtaleperiode.

Tildeling av kontraktar under rammeavtalen kan skje i heile rammeavtaleperioden. Kvar tildelte kontrakt innanfor rammeavtalen kan ha varighet utover rammeavtaleperioden, og då slik at føresegner i rammeavtalen som gjeld den enskilde tildelte kontrakten gjeld tilsvarende også etter opphør av rammeavtalen.

## **3 Pris og betaling**

Priser og betalingsvilkår går fram av bilag 6 og bilag 6a. Elles vert dette regulert av NS 8406:2009/NS 8407:2011 i det enkelte avrop.

### **3.1 Prisendring**

Prisendring regulerast i bilag 6 – Pris og prisføresegner

### **3.2 Løns- og arbeidsvilkår**

Dette er regulert i Bilag 9 til kontrakten.

## **4 Gjennomføring av tildeling av kontraktar innanfor rammeavtalen**

### **4.1 Myndighet**

Kven som kan tildele og følge opp kontraktar hjå Oppdragsgjevaren, er gjeve i Bilag 4.

### **4.2 Type rammeavtale**

Denne rammeavtalen er ein:

- Rammeavtale med éin leverandør der alle vilkår er fastlagt i rammeavtalen jf. avropsprosedyre i pkt. **4.2.1** og tilhøyrande avtalar i kvart enkelt avrop.
- Rammeavtale med fleire leverandører med blandet avopsmekanisme, jf. avropsprosedyre i pkt. **4.2.2** og tilhøyrande avtalar i kvart enkelt avrop.

#### **4.2.1 Avrop under rammeavtale med éin leverandør der alle vilkår er fastlagt i rammeavtalen**

Avrop foretas på grunnlag av vilkåra som er fastsett i rammeavtalen.

#### **4.2.2 Avrop under rammeavtale med fleire leverandørar med blanda avopsmekanisme**

LEVERANDØR	PRIORITET	KOMMENTAR

#### **For avrop under 750 000,- (eller 1 000 000,- avtaleområde 7 – Grunnarbeid og vegvedlikehald):**

Leverandøren rangert som nr. 1 får alle førespurnader. Ved problem med kapasitet til å utføre arbeidet innan den tid Øygarden kommune krev eller ønsker, vil førespurnaden gå vidare til den som er rangert som nr. 2 (og deretter til nr. 3 dersom denne heller ikke har etterspurt kapasitet.)

#### **For avrop over 750 000,- ( eller 1 000 000,- avtaleområde 7 – Grunnarbeid og vegvedlikehald):**

For avrop med estimert verdi over kr. **750 000,- ekskl. mva.** eller **1 000 000,- ekskl. mva.** (avtaleområde 7 – Grunnarbeid og vegvedlikehald) skal avrop skje etter gjennomføring av minikonkurranse. Prinsippa for minikonkurransar er skildra nedanfor i pkt. 4.3.

Oppdragsgjevaren vil for kvart avrop gjere ei skjønnsmessig vurdering av kva avropet kan verte forventa å beløpe seg til. Denne skjønnsmessige vurderinga vil vere avgjerande for om det skal nyttast minikonkurranse eller direkte tildeling etter rangering. Det vil seie at beløpsgrensa ikkje vil legge nokon

avgrensingar med omsyn til kva det enkelte avrop faktisk vil beløpe seg til, så lenge det er gjort ei forsvarleg skjønnsmessig vurdering i forkant.

Det vil både i minikonkurransane og ved direkte tildeling, bli utarbeida ein kravspesifikasjon der minimumskrava for dei ressursane som skal tilbys er skildra. Krava vil setjast opp ut frå kva erfaring, kompetanse og tilgjengeleghet som antas nødvendig for å utføre arbeidet på ein tilfredsstillende måte.

Førespurnaden vert oversendt Leverandøren sin kontaktperson for rammeavtalen pr. e-post.

Avropet vert formalisert gjennom eit utfylt og underskrive tildelingsskjema (jf. bilag 4), med tilhøyrande tildelingsavtale (jf. bilag 3) med eventuelle bilag. Eit avrop er ikkje gyldig før avropsskjemaet er signert av begge partar.

#### 4.3 Tildelingskriterium i minikonkurransen

Oppdragsgjevar kan velje følgjande kriterium for minikonkurransar, og kan velje å bruke for eksempel berre ein eller to av dei.

Kriterium	Innhald
<b>Pris</b>	Det vil kunne evaluerast på alle kostnadselementer i samband med dei enkelte oppdraga, både som enkelprisar eller som ein del av ein total (fast) pris, f.eks.: <ul style="list-style-type: none"><li>○ Timeprisar</li><li>○ Fastpris</li></ul>
<b>Leveringstid</b>	Bindande framdriftsplan med milepæler. Dette omfattar bl.a. gjennomføringsplan for kor tid dei ulike oppgåvene skal løysast, inkludert oppstartsdato, leveransedatoar, timeestimat, milestolpar samt oppgåver og omfang av oppdragsgjevar si deltaking og leveransar
<b>Gjennomføringskvalitet</b>	Dette omfattar bl.a. skildring av korleis oppdraget skal løysast, korleis oppdraget skal organiserast og kva tilpasningar som er gjort med omsyn til dei utfordringar leverandør vil møte. Skildringa skal òg innehalde opplysning om viktige risikoar og risikoreduserande tiltak

Avhengig av eigenskapar ved dei enkelte minikonkurransane, vil leverandørane bli invitert til å inngi enten timeprisar og evt påslag på materiell, eller ein fastpris. Dersom det skal inngis timeprisar og påslag, vil Leverandøren være bunde av dei maksimum timeprisar som står i bilag 6a i rammeavtalen. Dersom det skal inngis tilbod basert på ein fastpris, vil Leverandøren ikkje vere bunde av timeprisar i tilboden som ligg til grunn for rammeavtalen. Fastprisen vil i så fall leggjast til grunn for evalueringa.

#### 4.4 Om avrop

Avrop kan gjerast av alle som Oppdragsgjevar har gitt fullmakt til å gjere avrop.

Dersom Leverandøren er usikker på om ein person har fullmakt til å gjere avrop, pliktar han å undersøke med Oppdragsgjevar.

Dersom avrop er gjort av ein person utan fullmakt til å gjere avrop, og Leverandøren skjønte eller burde ha skjønt at slik fullmakt mangla, skal avropet annullerast slik at Oppdragsgjevar blir stilt som om avropet ikkje var skjedd. For slike forhold berer Leverandøren alle kostnadar.

#### **4.5 Avrop som involverer fleire fag**

For det tilfelle at eit avrop inneholder fleire fag, går avropet til den fagentreprenøren hvis kostnad utgjer det vesentlegaste av arbeidet, med mindre oppdragsgjevar vel å dele opp oppdraget i fleire leveransar. Sjå elles punkt 4.12 om bruk av tredjepart.

#### **4.6 Gjennomføring av avrop /tildeling av oppdrag og avtalar under rammeavtalen**

Ein tildelt kontrakt innanfor rammeavtalen (eit avrop) inneholder eit utfylt og underskrive tildelingsskjema (jf. bilag 4), med tilhøyrande tildelingsavtale (jf. bilag 3) med eventuelle bilag.

Ved bruk av rammeavtalen skal skjemaet for tildeling av kontrakt innanfor rammeavtalen i bilag 4 fyllast ut. Den enkelte tildelinga av kontrakt skal avtalast særskild og regulerast av standardavtalar spesifisert i bilag 3.

Oppdragsgjevaren sin førespurnad om bruk av rammeavtalen skal inngå som bilag til den tildelte kontrakten. Det skal spesifiserast kva som er føresett levert, tenesta sin art og innhald, tids- og kostnadsramme, tidspunkt for start og slutt. Leverandøren sitt personell skal også spesifiserast.

Viss det i rammeavtaleperioden vert publisert nye eller ajourførte standardavtalar innanfor dei aktuelle tenesteområda, kan oppdragsgjevaren be leverandøren om at nye eller ajourførte standardavtalar skal nyttast ved tildeling av kontraktar. Endring til nye eller ajourførte standardavtalar for tildeling av kontraktar skal gå fram av bilag 7 og innarbeidast i bilag 3. Det vert føresett at oppdragsgjevaren og leverandøren er samde, etter eventuelle forhandlingar, for at ein eller fleire nye eller ajourførte standardavtalar skal kunne takast i bruk.

#### **4.7 Varslingstid**

Leverandøren skal til ei kvar tid kunne levere tenester innanfor dei områda som er skildra i bilag 1 og 2 til denne rammeavtalen. Tidsfristar for oppstart av tenester skal avtalast mellom oppdragsgjevaren og leverandøren (i bilag 5).

Oppdragsgjevaren skal gje leverandøren ei oversikt over framtidig behov for uttak av tenester i dei møta som vert halde etter punkt 9.

#### **4.8 Disponering av personell**

Leverandøren skal stille personell til rådighet som sikrar at arbeidet vert utført på ein mest mogleg effektiv måte og med den forventa kvaliteten. Leverandøren har ansvar for at tilbydd personell har relevant kompetanse i forhold til dei tenestene det vert tildelt kontraktar for.

Leverandøren skal i kvar enkelt tildeling av kontrakt innanfor rammeavtalen nytte det personellet som er avtalt. I eventuelle påfølgjande kontraktar skal leverandøren, dersom oppdragsgjevaren ber om det, nytte det personellet som tidlegare er nytta i rammeavtalen. Dersom leverandøren ynskjer å nytte anna personell skal oppdragsgjevaren på førehand gjevast mogleghet til å vurdera vedkomande sin kompetanse og godkjenna vedkomande for deltaking i arbeidet. Oppdragsgjevaren kan ikkje nekta å godkjenna personell utan sakleg grunn. Leverandøren ber kostnadane for kompetanseheving av nytt personell.

Oppdragsgjevaren reserverer seg retten til å kreve utskifting av personell. Oppdragsgjevaren skal grunngje eit krav om skifte, skriftlig eller munnleg etter leverandøren sitt ynskje. Leverandøren skal i slike tilfelle erstatte aktuelt personell så raskt som mogleg, og i samsvar med tidsfristar for oppstart av tenestene, sjå bilag 5, frå motteke skriftleg førespurnad frå oppdragsgjevaren.

Leverandøren kan ikkje utan oppdragsgjevar sitt samtykke byte ut personell viss det ikkje er sakleg grunn for dette. Sakleg grunn i denne samanhengen kan til dømes vere at personellet sluttar i si stilling hos leverandøren eller går ut i permisjon.

#### **4.9 Kjøp av materiell**

Oppdragsgjevar skal berre vere forplikta til å kjøpe materiell gjennom leverandøren i samband med oppdrag spesifikt tildelt leverandøren.

#### **4.10 Bruk av lærlingar**

Det er eit krav at leverandøren er tilknytt ei lærlingordning og at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet i tenestekontraktar og kontraktar om bygg og anleggsarbeid.

Kravet kan oppfyllast av Leverandøren eller ein eller fleire av underleverandørane hans.

Utanlandske entreprenørar kan oppfylle lærlingkravet ved å bruke lærlingar som er tilknytt offentleg godkjent lærlingordning i Noreg eller tilsvarende ordning i anna EU/EØS- land.

Leverandøren skal ved oppstart, og på oppmoding under gjennomføringa av kontraktarbeidet, dokumentere at krava er oppfylte.

Ved avslutning av kontrakten skal det leggast fram oversikt over talet på timer utført av lærlingar. Timelister skal leggast fram på oppmoding.

Kravet gjeld ikkje dersom Leverandøren kan dokumentere reelle forsøk på å inngå lærekontrakt utan å lykkast. Tilsvarande gjeld dersom Leverandøren har inngått lærekontrakt, men på grunn av forhold som skriv seg frå lærlingen, ikkje kan nytte vedkomande under leveransen.

Oppdragsgjevar må gjennomføre nødvendig kontroll av om krav om bruk av lærlingar vert haldne. Ved brot på plikta skal Leverandøren rette forholdet innan den fristen Oppdragsgjevar fastset. Der Leverandøren sjølv oppdagar brot på plikta, skal Leverandøren utan opphald opplyse Oppdragsgjevar om forholda og rette forholda innan den fristen Oppdragsgjevar fastsett. Dersom forholda ikkje kan rettast, kan Oppdragsgjevar be om prisavslag.

Vesentleg misleghald som ikkje vert retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå Oppdragsgjevar, kan Oppdragsgjevar framføre som grunnlag for heving.

#### **4.11 Avgrensing i tal ledd i leverandørkjeden**

Leverandøren kan ikkje ha fleire enn to ledd underleverandørar i kjede under seg. Oppdragsgjever kan, etter at kontrakten er inngått, godta fleire ledd dersom det på grunn av uføresette omstende er nødvendig for å få gjennomført kontrakten.

Ved inngåing av kontraktar med underleverandørar som overstig ein verdi på kr 500.000,- ekskl. mva. skal leverandøren innhente skatteattest som ikkje er eldre enn 6 månader, jf. forskrift om offentlige anskaffelser. Leverandøren skal på førespurnad og utan ugrunna opphold kunne fremlegge ovannemnde dokumentasjon.

Dersom attesten ikkje vert lagt fram, kan Oppdragsgjevar kreve at underleverandøren vert skifta ut med ein underleverandør som kan fremlegge skatteattest. Oppdragsgjevaren kan tilsvarende kreve at leverandøren erstattar ein underleverandør som ikkje har oppfylt sine forpliktingar til å betale skatter og avgifter. Eventuelle økonomiske krav frå underleverandørar eller omkostningar for øvrig som følgje av heving av avtalar med underleverandørar i denne samanheng, skal berast av leverandøren.

Ved brudd på ovannemnde plikter skal leverandøren rette forhaldet. Oppdragsgjevar har rett til å stanse arbeida i den utstrekning Oppdragsgjevar anser det nødvendig.

Vesentleg misleghald som ikkje blir rettaiðan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå Oppdragsgjevar, kan påberopast av Oppdragsgjevar som grunnlag for heving.

Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarende føresegns.

#### **4.12 Bruk av tredjepart**

Arbeidet skal utførasts av entreprenør og deira fast tilsette, eventuelt ved underentreprenør og dennes fast tilsette. Leverandøren står fritt til å velje sine underentreprenørar, men kan ikkje setje vekk heile sitt oppdrag til underleverandør.

Avtale om underentreprise med einmannsføretak eller bruk av innleidd arbeidskraft må vere oppgitt og grunngjeve i tilboden og godkjent skriftleg av oppdragsgjevar. Det vert føresett at den innleidde arbeidskraft er lovleg. Slik godkjenning endrar ikkje entreprenøren sine plikter ovarfor byggherren.

Oppdragsgjevar si nekting av å godkjenne entreprenøren sitt val av underentreprenør etter desse føresegna gjev ikkje leverandøren rett til godtgjersle for dei meirkostnader dette måtte påføre ham.

Leverandøren skal til ei kvar tid kunne dokumentere at den anvendte arbeidskraft oppfyller føresegner i avtalen. Dokumentasjonsplikten omfattar også underentreprenøren og hans personell.

Alle avtalar om underentreprisar skal innehalde likelydande føresegns om utføring av arbeidet, forhold på byggeplassen og utføring ved underentreprise som anvendt i denne avtala.

#### **4.13 Tids- og ressursrammer**

Leverandøren skal gjennomføre oppdrag og/eller leve tenester som vert tildelt ved kontraktar som følger denne rammeavtalen innanfor dei avtalte tids- og ressursrammene. Leverandøren er ansvarleg for overskridinger av tids- og ressursramma som følgje av forhold hos han eller leverandøren sitt personell.

#### **4.14 Oppdragsgjevaren sitt ansvar**

Oppdragsgjevaren skal til ei kvar tid sørja for å tilføra leverandøren dei opplysningane og personressursane som er føresett i den einskilde tildelte kontrakten.

#### **4.15 Utsleppsfree køyretøy**

##### **Delområde 1-5, 11 og 12**

Leverandøren forpliktar seg til å berre nytte køyretøy som går fullstendig på elektrisitet, hydrogen eller biogass, eller ein kombinasjon av desse, i gjennomføringa av kontrakten. Leverandøren skal til ei kvar tid kunne gjere greie for kva køyretøy som vert nytta og kunne oversende kopi av vognkort på førespurnad frå oppdragsgjevar.

Leverandør skal uoppfordra levere statistikk på alle brukte køyretøy på kontrakten. Statistikken skal leverast ved desse tidspunkta:

- 6 månader etter kontraktsignering
- Eitt år etter kontraktsignering
- To år etter kontraktsignering
- Tre år etter kontraktsignering
- Fire år etter kontraktsignering

Ved alle rapporteringar skal excel-skjema «Køyretøyrapportering» nyttast. Ved kvart rapporteringstidspunkt skal det rapporterast for det siste gjennomførte tidsintervallet.

Oppdragsgjevar haldar seg att retten til å be om hyppigare rapportering eller endre på desse rapporteringstidspunkta.

Ved gjentatte eller grove brot på miljøføresegna kan oppdragsgjevar heve kontrakten.

##### **Delområde 6 og 8**

Leverandøren forpliktar seg til å nytte køyretøyteknologiar og/eller drivstofftypar i høve til kravspesifikasjonen og tilbodet. Nye køyretøy eller drivstofftypar som vert introdusert i løpet av kontraktsforholdet skal vere minst like klima- og miljøvennlege som opprinneleg avtalt.

Leverandøren kan ikkje introdusere køyretøy eller gjere endringar som ville ført til ein lågare poengsum for tildelingskriteriet. Oppdragsgjevar skal varslast på førehand ved endringar.

Leverandøren skal til ei kvar tid kunne gjere greie for kva kjøretøy som vert nytta og kunne oversende kopi av vognkort på førespurnad frå oppdragsgjevar.

Leverandøren skal uoppfordra levere statistikk på alle brukte kjøretøy på kontrakten. Statistikken skal leverast ved desse tidspunkta:

- 6 månader etter kontraktsignering
- Eitt år etter kontraktsignering
- To år etter kontraktsignering
- Tre år etter kontraktsignering

- Fire år etter kontraktsignering

Ved alle rapporteringar skal excel-skjema «Køyretøyrapportering» nyttast. Ved kvart rapporteringstidspunkt skal det rapporterast for det siste gjennomførte tidsintervallet.

Oppdragsgjever haldar seg att retten til å be om hyppigare rapportering eller endre på desse rapporteringstidspunkta.

Ved gjentatte eller grove brot på miljøføresegna kan oppdragsgjever heve kontrakten.

### **Delområde 7 og 9-10**

Leverandøren forpliktar seg til å nytte køyretøyteknologiar og/eller drivstofftypar oppgitt i tilbodsskildringa. Nye køyretøy eller drivstofftypar som vert introdusert i løpet av kontraktsforholdet skal vere minst like klima- og miljøvennlege som opprinnleig avtalt.

Leverandøren kan ikkje introdusere køyretøy eller gjere endringar som ville ført til ein lågare poengsum for tildelingskriteriet. Oppdragsgjever skal varslast på førehand ved endringar.

Leverandøren skal til ei kvar tid kunne gjere greie for kva køyretøy som vert nytta og kunne oversende kopi av vognkort på førespurnad frå oppdragsgjever.

Leverandøren skal uoppfordra levere statistikk på alle brukte kjøretøy på kontrakten. Statistikken skal leverast ved desse tidspunkta:

- 6 månader etter kontraktsignering
- Eitt år etter kontraktsignering
- To år etter kontraktsignering
- Tre år etter kontraktsignering
- Fire år etter kontraktsignering

Ved alle rapporteringar skal excel-skjema «Køyretøyrapportering» nyttast. Ved kvart rapporteringstidspunkt skal det rapporterast for det siste gjennomførte tidsintervallet.

Oppdragsgjever haldar seg att retten til å be om hyppigare rapportering eller endre på desse rapporteringstidspunkta.

Ved gjentatte eller grove brot på miljøføresegna kan oppdragsgjever heve kontrakten.

## **5 Risiko og ansvar**

Leverandøren har risiko og ansvar for alle dokument, skildringar og instruksar dersom desse vert skada eller øydelagde mens de er i leverandøren si varetekts og utanfor oppdragsgjevaren sine lokale.

## **6 Opphavs- og eigedomsrett**

Rettar til det som vert levert vert regulert i den einskilde tildelingsavtalen (jf. bilag 3), som er identifisert i tildelingsskjemaet (jf. bilag 4).

## **7 Teieplikt**

Teieplikt etter lov 10. februar 1967 nr. 10 om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvaltningsloven) §§ 13 til 13f gjeld for leverandøren sitt personell. Personellet skal underteikna teiepliktserklæring før arbeid tek til.

Leverandøren sitt personell skal følgje dei same reglane som gjeld for oppdragsgjevaren sitt personell i samband med sikring av informasjon.

Oppdragsgjevaren sin sikkerheitsstrategi og tilhøyrande regelverk/rutinar/retningsliner vert utlevert i samband med tildeling av kontrakt innanfor rammeavtalen.

Før det vert gitt tilgang til informasjon gradert konfidensielt eller høgare etter sikkerhetsloven av 20. mars 1998 nr. 10 § 11, skal personellet sikkerheitsklarerast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglane for dette. Dette er ein føresetnad for eventuell tildeling av kontrakt.

## **8 Misleghald og sanksjonar i samband med tildelte kontraktar**

Nærare reglar om misleghald og sanksjonar i samband med tildelte kontraktar følgjer reglane i desse.

## **9 Møte**

Det skal holdast regelmessige møte for å gjennomgå korleis rammeavtalen fungerer. I møta skal partane gjennomgå dei tildelingar av kontraktar som har vore på rammeavtalen, og leggja fram dei planane som ligg føre hos oppdragsgjevaren og leverandøren for neste periode. Oppdragsgjevaren er ansvarleg for innkalling til møte og møta skal haldast i oppdragsgjevaren sine lokale eller som fjernmøte dersom partane finn det mest tenleg.

Når ein av partane finn det naudsynt, kan han med minst 3 dagars varsel innkalla til møte med den andre parten for å drøfte avtaleforholdet og måten avtaleforholdet vert gjennomført på.

Ansvarleg person for forvalting av rammeavtalen er angitt i bilag 5.

## **10 Endringar og tillegg til rammeavtalen**

Det kan ikkje gjerast endringar eller tillegg til denne rammeavtalen som er vesentlege. Endringar eller tillegg kan berre gjerast etter avtale mellom partane.

## **11 Twistar**

### **11.1 Rettsval**

Denne rammeavtalen skal tolkast i samsvar med norsk rett.

### **11.2 Forhandlingar**

Dersom det oppstår twist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadane av avtalen, skal tvisten først søkjast løyst ved forhandlingar.

### **11.3 Mekling**

Dersom ein twist ikkje vert løyst etter forhandlingar, kan partane forsøka å løysa tvisten ved mekling.

Partane kan velja å leggja Den Norske Advokatforening sine reglar for mekling ved advokat til grunn, eventuelt modifisert slik partane ynskjer. Det vert føresett at partane vert samde om ein meklar med den kompetansen partane meiner passar best i forhold til tvisten.

Den nærmere framgangsmåten for mekling vert bestemt av meklaren, i samråd med partane.

### **11.4 Domstols- eller valdgiftsbehandling**

Dersom ein twist ikkje vert løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlanga tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Oppdragsgjevar si forretningsadresse er verneting.

Partane kan alternativt avtala at tvisten skal avgjerast med endelig verknad ved valdgift i Noreg. Kvar av partane skal utpeike ein valdgiftsdommar. Dei partsoppnemnde valdgiftsdommarane skal innan ein månad deretter utpeike valdgiftsretten sitt tredje medlem, som er leiar av valdgiftsretten. Elles gjeld reglane i lov 14. mai 2004 nr. 25 om voldgift (voldgiftsloven).